

Andakt til søndag før pinse av Vikarprest Matias Austrheim

Vitnene



Bibeltekst: Johannes 15, 26-27

«Når talsmannen kjem, han som eg skal senda dykk frå Far, Sanningsanden som går ut frå Far, då skal han vitna om meg. Men de skal og vitna, for de har vore med meg frå første stund» (Joh 15, 26 – 27)

Ein laurdagskveld i konfirmasjonsalderen var eg på ungdomssamling på bedehuset. Der sto to unge menn opp og fortalde om trua si. Eg minnest kor overraska eg vart. Dei to var stjerner på Stil, Sandane sitt berømte fotball-lag på den tida. Dei var supertalent og kjendisar. Men no sto dei fram og fortalde med enkle og forståelege ord om trua si på Jesus. Det gjorde så sterkt inntrykk på meg at eg hugsar det heilt til no, nesten 60 år etterpå. Dei var vitner. Eit vitne er eit menneske som fortel om det dei har sett og høyr. Ei rettsak har som regel fleire vitner som skal vere med å belyse saka, slik at sanninga kjem fram.

«Snart skal eg fare frå dykk» sa Jesus til læresveinane sine før han skulle lide og dø. Læresveinane vart veldig urolege og redde. Kva no? Kva skal skje? «Ver ikkje redde» sa Jesus til dei. Eg skal sende ein talsmann til dokke, *paraklet*, er ordet som er brukt på gresk. Det betyr talsmann, advokat eller trøystar. «Han skal vitne om meg, men de og skal vitna».

Etter påske og pinse vart læresveinane forvandla frå redde og forsiktige til frimodige vitne om Jesus Kristus. Keisaren i Roma gjorde det han kunne for å fjerne dei kristne og trua deira, men etter 300 år var dei der framleis. Dei vitna med sitt liv, sin diakonale innsats for fattige og sjuke, og med sitt blod. Historikarane seier at det i år 350 var 33 millionar kristne i romarriket, om lag halvparten av befolkninga.

I eit romarrike i moralsk forfall var dei trufaste mot sanninga om Jesus Kristus. Dei heldt fast på Guds ord og apostlane si lære, gudstenesta, brødsbrytinga(nattverden) og bønene. Dei heldt fast på sanninga om Jesus Kristus og Guds vilje med menneskelivet.

Vår tid og vår sekulariserte vestlege kultur liknar mykje på den kulturen der kristendommen hadde si vogge. Eit av vår tids falske dogme er at ingenting er sant, alt er relativt. Men det er tvert imot. Heile Johs-evangeliet handlar om ein åndskamp vi som kristen kyrkje står i mellom lys og mørke, sanning og løgn. I denne kampen har Jesus lova å sende oss sanningsanden, så vi skal vere tru mot sanninga i kjærleik.

Det kan koste å vere eit Jesus-vitne. Også her i Norge, men endå meir i land som Pakistan, Nigeria, Mali og Egypt der kristne lever under forfylgjing og terror. Dei betaler med sitt liv for sitt vitnemål om Jesus Kristus. Dei gjer det Jesus sa: de skal vere mine vitner.

Men så er vår tid og ei vokstertid for mange kristne kyrkjer i Asia, Afrika og Latin-Amerika. I Etiopia har Mekane-Jesuskyrkja vokse frå nokre tusen medlemmar for 60 år sidan til to og ein halv millionar i dag.

Vi er kalla til å vere vitne om Jesus og den kristne trua her i vårt land i vår generasjon. Trusopplæringa og konfirmantundervisninga rundt i kyrkjene våre er å gje Jesus-trua vidare til born og unge. Eg vil kalle det eit stort trus-prosjekt, her trengst støtte og forbøn!

Korleis kan du og eg vitne om Jesus i vår tid? Jau, vi kan gjere som dei fyrste kristne og samlast til gudsteneste på søndagen, Herrens dag, der vi lyfter bønene til Gud og feirer Herrens nattverd. Der har Gud lova å sende oss sin talsmann som skal vitne om Jesus og gjere han levande for oss. Pinsa vi snart skal feire er festen for denne talsmannen, Den heilage Ande.

God søndag!